
Fra: noreply@regjeringen.no
Sendt: 19. august 2016 10:14
Til: Postmottak KUD
Emne: Nytt høyringssvar til 16/1748 - Høyring om endring i forskrift om stadnamn

Referanse: 16/1748
Høyring: Høyring om endring i forskrift om stadnamn
Levert: 19.08.2016 10:13
Svarstype: Med merknader
Kontakt avsendar: Kjell Erik Steinbru, sekr. i Stadnamntenesta på Vestlandet
Kontaktperson:
Kontakt-e-post: kjell.steinbru@uib.no
Tittel: Merknad til framlegget til ny stadnamnforskrift

Uttalelse:

Merknaden gjeld denne føreslegne formuleringa i § 1: "Skrivemåten av stadnamn kan fråvike gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp dersom skriftforma har vore lenge i bruk og er vel kjend og innarbeidd."

Det vil vera svært uheldig om det blir fastsett ein slik regel for alle typar stadnamn. Regelen bør avgrensast til å gjelda bruksnamn og "namn på større og / eller særleg kjende lokalitetar". Viss formuleringa blir ståande slik ho føreslegen, vil ein risikera at mange gardsnamn og andre gamle stadnamn får vedtekne skrivemåtar som ikkje er i pakt med dei aktuelle opphavsformene og den lokale munnlege stadnamntradisjonen. Formuleringa vil gi ei sterk svekking av vernet om den gamle namnetradisjonen.

Vedlegg: -